



VIDAR MJØS
Søre Renen 17
5099 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Sak avslutta hjå Fylkesmannen i Vestland utan vidare handsaming

Fylkesmannen viser til din e-post datert 27.09.2019 og 01.10.2019. Du ber oss om å kommentere saka på nytt.

Vi viser til vårt vedtak 11.01.2019, der vi stadfestar Radøy kommune sitt vedtak av 06.09.2018, sak 226/2018 om å avise søknad om rammeløyve. Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd, jf. og orientering frå sakshandsamar i e-post datert 29.01.2019.

Revidert kommuneplan

Dersom du meiner at den reviderte kommuneplanen¹ i Radøy kommune klårgjer vesentlege sider ved Fløholmsaka, kan det vere grunnlag for å søke på nytt for å få saka handsama på nytt grunnlag.

Rettleiingsplikt

Fylkesmannen viser i klagesaka til at Radøy kommune har oppfylt si rettleiingsplikt. Samstundes viser vi til at Radøy kommune framleis har ei generell rettleiingsplikt, også når nokon vender seg til kommunen for å få avklart spørsmål som ikkje gjeld ei pågåande sak. Radøy kommune har likevel moglegheita til å tilpasse si rettleiingsplikt til sin situasjon og kapasitet, jf. forvaltningslova § 11.

Ut frå det Fylkesmannen kan sjå, har kommunen rettleia om revidert planstatus for Fløholmen i brev datert 11.09.2019. Vi kan difor ikkje sjå at kommunen har misleghalde si rettleiingsplikt.

Sivilombudsmannen

Dersom du meiner å ha lidd urett som følgje av vår handsaming, kan du kontakte Sivilombudsmannen. Eventuelle klagar må vere sett fram innan eitt år etter endeleg avgjerd i saka, altså innan 11.01.2020. Sivilombudsmannen pliktar ikkje å ta saka opp til vurdering, men avgjer sjølv om klaga gjev tilstrekkeleg grunn til handsaming. Nærare opplysningar om framgangsmåten finst på www.sivilombudsmannen.no, eller ved å ringje grønt nummer +47 800 800 39.

Saka er no avslutta både hjå Fylkesmannen og i Radøy kommune, utan vidare handsaming.

¹ Revidert kommuneplan, Radøy kommune vedtatt 20.06.2019.



Dette orienteringsbrevet er også sendt til deg på e-post.

Med helsing

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 MANGER